



Gunnar Petter Olsmo
Hallandsvegen 20
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2743 - 18/10708

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
29.03.2018

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 245/9 og 245/14 Kvamme

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om arealoverføring den 26.09.2017 samt oppdatert situasjonskart om ønska delelinje, samt storleik på arealet slik det vil fremstå etter arealoverføringa mellom gbnr 245/9 og 245/14.

Dette skriv erstattar utsendt skriv av 18.01.2018

Geodata har målt opp grenselinja mellom gbnr 245/9 og gbnr 245/14, sjå skriv frå Geodata datert 01.03.2018. Det føreligg oppdatert situasjonskart iht. ønsket delelinje, datert 08.03.2018, samt situasjonskart med storleik på eigedomane i tråd med ønsket delelinje, datert 09.03.2018.

Søknad om arealoverføring til uendra bruk for gbnr 245/9 og 245/14, krev søknad om dispensasjon frå 100-meters beltet mot sjø. Strandsonevernet er særleg styrka etter at plandelen til plan- og bygningslova trådde i kraft i juni 2009. Administrasjonen kan ikkje fråvike kravet til dispensasjon for tiltak innafor 100-meters beltet mot sjø, sjølv om det er ei arealoverføring til uendra bruk. Søknad om dispensasjon vert sendt til regionale mynde, deriblant Fylkesmannen, på høyring.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå 100-metersbeltet mot sjø, sjå rettleiar.
2. Søknad om dispensasjon frå 100-meters beltet mot sjø skal grunngjevast. Relevante moment i ein dispensasjonssøknad er om bruken av eigedomane vert endra, om eigedomane vert meir privatisert og om almenheita si tilgang på strandlinja såleis vert forringa.
3. Søknad om dispensasjon og søknad om arealoverføringa må nabovarslast. De må legge ved situasjonskartet med storleik på eigedomane i tråd med ønsket delelinje, datert 09.03.2018, slik at naboar vert kjent med kva for ein arealoverføring som skal gjennomførast, sjå vedlegg. Skjema 5154 skal gis naboar/gjenbuarar og skjema 5155 og 5156 skal sendast kommunen, sjå vedlagte skjema. Nabovarsel kan sendast rekommandert eller kvitteras ved personleg oppmøte. Merk at naboar/gjenbuarar har 14-dager til å kome med evt. merknadar. Evt. merknadar og dykkar kommentarar til desse skal sendast kommunen. Naboliste er vedlagt, sjå vedlegg.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 08.05.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon
245-9 og 14 Grk 500 Delelinje med teigareal
5154-nabovarsel
5155-opplysninger-gitt-i-nabovarsel
5156-kvittering-for-nabovarsel
Naboliste for gbnr 245_9 og 14

Kopi til:

Bente Olsmo Høgheim	Sognefjordvegen 143	6863	LEIKANGER
Bente Olsmo Høgheim	Sognefjordvegen 143	6863	LEIKANGER
Gunnar Petter Olsmo	Hallandsvegen 20	6863	LEIKANGER
Lise Olsmo Oen	Hylsengane 4	6863	LEIKANGER
Lise Olsmo Oen	Hylsengane 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Gunnar Petter Olsmo	Hallandsvegen 20	6863	LEIKANGER
---------------------	------------------	------	-----------